

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/15	Levekårsutvalet	PS	03.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/6105

Kommunedelplan for skule 2014-2018

Vedlegg:

Kommunedelplan for skule 2014-2018 - vedlegg 1Folketalsprognose_Lindaas_rapport_2015_02_23 - vedlegg 2Folketalsprognose_Lindaas_figurer_tabeller_2015_02_16 - vedlegg 3Prosjektplan kommunedelplan skule - planprosess - vedlegg 4

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunedelplan for skule blir, i samsvar med plan og bygningslova §§ 5-2 og 11-14 sendt ut på høyring slik den ligg føre.

Levekårsutvalet - 023/15

LE - behandling:

Kommunalsjef Kristin Moe orienterte til saka.

Framlegg frå Jostein Hellestveit-Sp:

Arbeidet med kommunedelplan skule med dagens mandat om å kun sjå på struktur innafør Lindås og Ostereidet ungdomsskulekrinsar vert stansa og ikkje lagt ut på høyring. Det vert vurdert av nytt kommunestyre om det er ynskjeleg med ein fullstendig gjennomgang av kommunedelplan skule.

Framlegget frå Jostein Hellestveit-Sp fekk 3 røyster og fall (Kjell Fagna-H, Helge Fjellanger-V, Jostein Hellestveit-Sp).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Anne Julie Hetland-H, Asle Hetlebakke-Krf, Vetlemøy Wergeland-Krf, Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf, Bjørn Brunborg-Ap, Mette Bøe-Ap, Gudmund Husdal-Frp).

LE - vedtak:

Kommunedelplan for skule blir, i samsvar med plan og bygningslova §§ 5-2 og 11-14 sendt

ut på høyring slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal handsamast i Levekårsutvalet, som sender planen ut på høyring. Ny handsaming i ekstraordinært møte i Levekårsutvalet 21.mai 2015.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret 18.juni 2015.

Bakgrunn

Saka blir lagt fram på bakgrunn av vedtak i kommunestyret 21.mars 2013 om rullering av kommunedelplan for skule samt vedtak i formannskapet 09.januar 2014 om omstillingsprogram for Lindås kommune. Planprogram for kommunedelplan for skule 2014-2018 har vore på høyring og vart deretter politisk vedteke både i Levekårsutvalet 27.11.14 og Kommunestyret 27.11.14. Dette i samsvar med prosjektplan for arbeidet, som vart rullert i Levekårsutvalet 03.02.2015.

Rådmannen sitt framlegg til Kommunedelplan for skule 2014-2018 er no ferdig. Rådmannen rår til at framlegget til Kommunedelplan for skule 2014-2018 blir sendt ut på høyring, med 6 vekers høyringsperiode.